

 <b>HELSE BERGEN</b> <small>Haukeland universitetssjukehus</small>	<h2>Genital mykoplasmainfeksjon</h2>
Kategori: Pasientbehandling/Fagprosedyrer/Annet/Annet 3	Gyldig fra/til: 23.11.2023/23.11.2025
Organisatorisk plassering: Helse Bergen HF/Hudavdelingen	Versjon: 5.01
Godkjenner: Alf Henrik Andreassen	Informasjon
Dok. ansvarlig: Turid Thune	Dok.id: D40866

## TIL DEG SOM VIL VITE MEIR OM GENITAL MYKOPLASMAINFEKSJON

### KVA ER MYKOPLASMA?

Den seksuelt overførbare sjukdomen mykoplasma skuldast bakterien *Mycoplasma genitalium*. Bakterien smittar ved direkte slimhinnekontakt og set i gang ein betennelsesprosess i urinrøret på menn, i urinrøret og/eller i livmorhalsen på kvinner. Bakterien kan også smitte til analkanalen. Bakterien er ikkje funnen i halsen.

### KORLEIS SMITTAR MYKOPLASMA GENITALIUM?

Bakterien smittar ved direkte slimhinnekontakt, ved vaginalt eller analt samleie. *Mycoplasma genitalium* smittar ikkje ved toalettbesøk.

### KOR VANLEG ER GENITAL MYKOPLASMA?

Svaret veit vi ikkje. Det er ikkje gjort undersøkingar på store folkegrupper i Noreg. Infeksjonen er ikkje så utbreidd som klamydia.

### KOR LETT SMITTAR MYKOPLASMA?

Heller ikkje her kan vi gje eit eksakt svar. Vi finn ikkje alltid bakterien hos partnaren til den som får påvist mykoplasmainfeksjonen, men i dei fleste tilfelle er begge smitta.

### KORLEIS KAN EG MERKE AT EG ER SMITTA?

Menn kan få svie i urinrøret og litt utflod. Kvinner som er smitta kan få endra utflod. Mange har bakterien utan å få symptom, det gjeld både menn og kvinner. Truleg er det ikkje farleg å ha bakterien, berre dei med symptom treng å teste seg og få behandling.

### KORLEIS KAN EG UNNGÅ SMITTE?

Dersom kondom blir brukt under heile samleiet, kan du ikkje bli smitta med *Mycoplasma genitalium*.

### KVEN KAN VERE SMITTA?

Alle som har hatt ubeskytta samleie kan i teorien vere smitta. Vi veit ikkje kor utbreidd sjukdomen er i Noreg. Sidan det mest sannsynleg ikkje er farleg å gå med bakterien i underlivet, er det ikkje noko grunn til å ta teste seg dersom ein ikkje har noko plager.

### KVA SKAL EG GJERE DERSOM EG TRUR AT EG ER SMITTA?

Du kan kontakte fastlegen din, ev. gå på helsestasjon for ungdom. I dei største byane er det spesialistpoliklinikk for seksuelt overførte infeksjonar. Personalet der kan vanlegvis informere deg om kvar du kan bli testa, og kva du bør testast for. Berre dei som har symptom frå underlivet som ein ikkje har funne anna årsak til eller har ein partner som har fått påvist mykoplasma treng å teste seg.

### KORLEIS BLIR PRØVEN TEKEN?

Menn tek urinprøve. Kvinner kan ta prøve frå skjeden, eller legen kan ta prøve frå livmorhalsen i samband med gynekologisk undersøking.

## NÅR FÅR EG SVAR PÅ PRØVEN?

Vanlegvis går det om lag ei veke før du får svar på prøven.

## ER DET DYRT Å GÅ TIL LEGE?

Genital mykoplasmainfeksjon er ikkje definert som ein allmennfarleg smittsam sjukdom. Du har difor ikkje rett på gratis undersøking dersom du går til lege for å ta mykoplasmaprøve.

## BLIR EG FRISK?

Med rett type antibiotikum blir du frisk. Det er ikkje så mange typar antibiotika som har effekt på *Mycoplasma genitalium*. Bakterien er motstandsdyktig mot fleire antibiotikum. Det er vanleg å vente på prøvesvaret før du får behandling. Vanlegvis får du ein 5 - 7 dagars antibiotikakur. Berre dei som har symptom eller som har fast partner med symptom treng behandling. Behandlinga er ikkje gratis.

## KOR LENGE MÅ EG VENTE MED SAMLEIE ETTER BEHANDLING?

Du skal ikkje ha samleie med eller utan kondom før tidlegast ei veke etter at du starta med medisinen. Den partnaren du er saman med akkurat no må også bli testa. Dersom han/ho får påvist *Mycoplasma genitalium* må han/ho få behandling før de to kan ha samleie att.

## KVA MED ANDRE SEKSUALKONTAKTAR?

Genital mykoplasmainfeksjon er ikkje definert som ein allmennfarleg smittsam sjukdom. Smittesporing er ikkje lovpålagd. Det er berre den faste partnaren din (den personen som er din seksualkontakt) du skal gje beskjed til. Partnaren din treng berre behandling dersom han/ho får påvist mykoplasma.

## KAN MYKOPLASMA BLUSSE OPP ATT?

Når du har fått behandling og symptoma er borte, er du frisk. Du kan bli smitta på nytt dersom du har samleie utan kondom med ny partner eller med partner som ikkje har fått behandling.

## BØR EG GÅ TIL KONTROLL ETTER BEHANDLING?

Dersom du ikkje blir kvitt symptoma, bør du gå til kontroll 4-6 veker etter at du har fått behandling. Dersom du ikkje har nokon plager, treng du ikkje å ta kontrollprøve.

## ER GENITAL MYKOPLASMAINFEKSJON FARLEG?

Framleis er ekspertane litt usamde om dette. Nokon meiner at mykoplasma kan gjere skade på lik linje med genital klamydiainfeksjon, andre er usamde i dette. Studiar har ikkje gitt gode svar.

## KVA MED GRAVIDITET? KAN MYKOPLASMA SKADE FOSTERET?

Det er ikkje noko som tyder på at genital mykoplasmainfeksjon kan skade fosteret. Gravide som får påvist *Mycoplasma genitalium* får behandling, men dersom bakterien viser seg å vere resistent, må behandlinga vente til etter fødselen.

Har du spørsmål, kan du vende deg til:

**Poliklinikk for SOI**  
**Telefon: 55 973962**  
**[www.helsebergen.no](http://www.helsebergen.no)**